



Alle føresette

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/271 - 16/7500

Saksbehandlar:
Rita V. Amundsen
rita.v.amundsen@radoy.kommune.no

Dato:
02.06.2016

Alle føresette

Sommaropen barnehage

Det nærmar seg sommar og det medfører ein del endringar ein må ta høgde for. Det medfører at ein må gjerne bytte på avdelingar, til og med «bygg» – avdelingar vert slått saman og at det ikkje vert det ordinære personalet som møter ein til ei kvar tid.

På grunn av reduserte barnegrupper / bemanning **og nedvask**, gjer at ein må flytte litt rundt på seg til ulike avdelingar.

Me har sjølvsakt prøvd å legge til rette så godt som råd er for at det i alle fall er nokon kjende rundt borna til ei kvar tid. Vikarane som kjem inn for å dekke ferieuttak til personalet, er kjend gjennom heile året og skal difor vera ei gode for alle.

To barn frå Dale skal gå i Sæbø barnehage frå hausten, og har difor fått plass her i sommar – det vert med personale frå vår barnehage som kjenner desse borna. Dette for at desse borna skal sleppe mange skifter, og å verta kjend på sin nye plass.

I periodar av sommaren er ein godt bemanna, og personalet kjem difor også bruka tid til å tilrettelegging for neste år.

Her er endringane i høve til kvar ein skal møta:

Veke 27	Sør og Nord i lag i <u>Nord</u>	Solhall og Solstrålen i lag på <u>Solhall</u>	Blå, Raud og Kjellar i lag i <u>Kjellar</u>
Veke 28	Sør og Nord i lag i <u>Sør</u>	Solhall og Solstrålen i lag på <u>Solhall</u>	Blå, Raud, Kjellar og Dale i lag på <u>Blå el Raud</u>
Veke 29	Sør, Nord, Solhall og Solstrålen		Blå, Raud, Kjellar og Dale i lag

	<u>I lag i Nord</u>		<u>På Blå el Raud</u>
Veke 30	Sør, Nord, Solhall og Solstrålen <u>I lag i Nord</u>		Blå, Raud, og Kjellar i lag <u>På Blå el Raud</u>
Veke 31		Solhall og Solstrålen i lag på <u>Solhall</u>	

Dersom avdelinga står her i skjema, skal den være på sin vante plass. Endringar utover dette vil ein sette oppslag på dører / tavler.

I denne perioden må borna ha klede i sekkar og være førebudd på ein del fram og tilbake – difor er det særst viktig med merking av klede og utstyr.

Utover det satsar me på eit godt samarbeid for å få dette til på best mogleg måte for alle. Måtte det bli ein strålande sommar!



Neste års personalkabal er ikkje heilt i boks, men det vert litt endringar.

Det som er på plass er kven som vert Ped.leiar. Litt endringar her og, då Veronica Instebø skal ha permisjon og det vert oppretta ein ny småbarnsavdeling på «Solhall».

Sørastova:	Ped. leiar:	Karen Ann Ervik
Nordastova:	Ped. leiar:	Silje Lin Birkeland
Kjellarstova:	Ped. leiar:	Katrine K. Murberg
Småstova Raud:	Ped. leiar:	Linn Tjore
Småstova Blå:	Ped. leiar:	Inger Berit Landgård
Avdeling Dale:	Ped. leiar:	Agnethe Wedaa
Avd. Førskule:	Ped- leiar:	Therese Barvåg
Avd. Solstrålen:	Ped- leiar:	Malin Refsdal Sandnes
Ny avd.:	Ped- leiar:	Monica Rebnord Olsen

Med helsing

Rita V. Amundsen
Styrar Prestmarka barnehage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:
Alle føresette